

## Kortsvarsoppgåve

### Kropp er topp

Kroppen er eit fantastisk reiskap, noko folk ofte gløymer når dei heng seg opp i små skavankar ved utsjånaden. Dette synet vert formidla i dei to tekstene «Utsiden: hud og hår» og «Eg studerer huda di». Det er høvesvis eit utdrag frå boka *Kroppen – en guide for deg som bor i den* (2019) av Bill Bryson og eit dikt skriven av Marianne Clementine Håheim, frå dikstamlinga *Bilydar* (2012).

Det er ikkje mykje som er likt ved forma til dei to tekstene. «Utsiden: hud og hår» er ein saktekst og har difor eit meir formelt språk. Samstundes passar han inn i den populærvitskaplege kategorien. Føremålet er å fascinere lesaren, noko forfattaren gjer ved å skrive med eit lettfatteleg språk og korte setningar. «Eg studerer huda di» er eit dikt på fire strofer. Nokre skilnader frå Brysons tekst, er at det berre er nytta små bokstavar og at det ikkje er nokon teiknsetting.

Begge tekstene handlar om huda. På eit djupare plan dreier dei seg om ei begeistring for menneskje. I Clementines dikt, kan ein sjå for seg at det lyriske eg studerer kroppen til han ho er forelska i. «eg stryk fingra over feila dine / men eg har mist evna til å tenkje / at dei er feil» seier eg-et. Eit mogleg bodskap kan vere at det er dei små delane av oss som gjer oss til den vi er, difor så er det noko fint i det upolerte.

Bryson syner òg eit positivt syn på kroppen. Medan det i diktet vert peikt på såkalla «feil», er Bryson opptatt med å ramse opp alt som fungerer. Poenget er at lesaren skal innsjå kor fantastisk huda er, noko dei kanskje ikkje har tenkt på før.

#### **Kjelder:**

Bryson, Bill. «Utsiden: hud og hår». *Kroppen – en guide for deg som bor i den*. Oslo: Gyldendal, 2019. Utdrag

Håheim, Marianne Clementine. «Eg studerer huda di». *Bilydar*. Oslo: Forlaget Oktober, 2012.

## Kvinnesak, då og no

I 1854-55 utgav Camilla Collett romanen *Amtmannens døtre*, der tendensen var at borgarskapet sine kvinner levde uverdige liv. I dag kan ein sjå at kvinnesaka held fram med å engasjere. Sofie Frøysaa og Ulrikke Falch setter fokus på kvinnerolla i *Jenteloven – feministisk førstehjelp* (2018). Føremålet med boka deira er at fleire jenter skal verte feministar. Om ein jamfører dei to tekstene, kan ein lett sjå at dei er skrivne til ulike tider, men når det kjem til innhaldet, har dei òg likskapar.

Motivet i utdraget frå *Amtmannens døtre* er eit ball og tankane eg-personen får medan ting utfolder seg der. Det verker som om personane må ta omsyn til mange normer, som om ballet er eit spel. Forteljaren vert brydd både av å sjå folk med dårlegare utsjånad vert handsama verre enn dei venare personene, og av si eige skam over å ikkje verte spurt om å danse. Ho vert flau over å sjå korleis nokre folk ikkje høver seg, men funderer òg over korleis ting må gå føre seg som dei gjer. Det er som om ingen riktig føler glede.

*Amtmannens døtre* vert rekna som den fyrste norske tendensromanen. Temaet kan seiast å vere korleis kvinnene i det norske borgarskapet lever uverdige liv, der alt går føre seg på mannen sine premiss. Dette kan ein sjå att i tekstutdraget. Ballet er ikkje eit artig stad å vere, der ein kan kose seg og danse. Det er tvert i mot klamt og keitete: «men de stod blott omkring og så til, og de, som danset, så ut som om de forrettet et tungt arbeid.» Konklusjonen hennar for kvifor det er slik kjem fram når ho spør retorisk «Mon det skulle komme av at damene slett ikke får lov til å danse med hvem de vil?» Det er nok ikkje urimeleg å si at Collett ynskjer større fridom for kvinner, og at dette er budskapen hennar.

Romanen er skriven med ein personal forteljar og synsvinkel. Vi får dermed innsyn i korleis hovudkarakteren ser verda, altså ei subjektiv oppfatning av røynda. Dette fungerer godt for Collets føremål. Ved å fortelje gjennom eit kvinneleg perspektiv, syner ho korleis det er å vere kvinne. Hovudkarakteren er dynamisk, og bør verte handsama som eit tenkjande individ, ikkje som ein rekvisitt.

Det er heilt naudsynleg å peike på kva slags miljø *Amtmannens døtre* går føre seg i. Boka vart utgitt på 1850-talet og er plassert i Colletts samtid. Kvinner vart vurdert ut ifrå rollen deira som mødrer og som hustruer. Det var ei forventning om at ein skulle vere tekkeleg, audmjuk og lydig. I utdraget kjem det òg fram kor stor rolle utsjånaden har. Ikkje berre kommenterer menn på utsjånaden til damene, men hovudpersonen tenkjer sjølv «Hvorfor utsetter hun seg for en sådan ydmykelse?»

*Amtmannens døtre* vert rekna som poetisk realisme, og Collett vert ofte sett på som ein forløpar til realismen, som for alvor kom til Noreg på 1870-talet. Ein kan sjå at ho er kritisk til samfunnet på måten ho lar hovudkarakteren forundre seg over korleis folk ter seg mot kvarandre.

Kritikk av kvinneidealet kjem fram gjennom korleis hovudkarakteren observerer og tenkjer om dei ulike forventningane som er til menn og kvinner. Kvinnene sitt stille og venter på at nokon skal be dei med å danse, noko det syner som dei gjer fordi det er forventa. «En mengde damer satt over, og det manglet ikke på kavalerer; med de stod blott omkring og så til». Hovudpersonen føler seg sjølv skamfull for at ho ikkje vert spurt om å danse, men det er ikkje noko ho kan gjere med situasjonen. Det einaste ho kan gjere er ein innvendig protest «Jeg vil slett ikke danse, sa jeg til meg selv.» Dette kan tolkast som ein kritikk til den passive kvinnerolla.

Medan *Amtmannens døtre* er å rekne som ei skjønnlitterær tekst og må verte analysert deretter, er det nyttig å ta på seg andre briller når ein les *Jenteloven – en feministisk førstehjelp*. Den andre er heller å rekne som sakprosa, og det vert difor meir nyttig å ta i bruk omgrep frå retorikken. Føremålet med teksta er å lære opp unge jenter i feminisme.

*Jenteloven* sett sjølv ord på kva kairos er i det fyrste avsnittet. Det er ei verd der «Populærkultur, media og underholdningsbransjen påvirker hvordan vi ser på oss selv og de rundt oss.» Det retoriske publikummet er unge jenter, noko dei er tydelege på. Ordet «jente» vert gjentatt ikkje mindre enn åtte gonger, om ein tek med overskrifta. Det ungdommelege og uformelle språket, slik som «Faen òg, liksom» eller «(the struggle is real, serr)» gjev eit inntrykk av at dei er medvitne om kairos.

Frøysaa og Falch er for mange kjent frå sosiale media, eller som høvesvis komikar og skodespelar i nrk-suksessen *Skam*. Det er nok ikkje urimeleg å si at dei ikkje har så høg innleiande etos når det kjem til tematikken i teksta, som er feminisme. Det har sjølvsagt røynsler av å vere kvinne, og med sosiale media. Slik sett oppfattar nok mange at dei har både velvilje og at dei er autentiske, noko som gjev dei ein viss innleiande etos.

For å auke sin etos, viser dei til forskning: «Og samtidig med at bruken vår av sosiale medier har økt, har andelen unge jenter med psykiske lidelser økt med 40 prosent siden 2011 (Bergersen 2018).» Ved å argumentere ved hjelp av nokon annan sin etos, syner dei sjølve meir forstandige.

Ein annan måte dei freistar å auke sin etos, er ved å gå til åtak på *influencere* og venleiksindustrien. Dette gjer dei ved å kalle omtale *influencere* som «photo-shoppede og hår-extension-reklamefinansierte». Dette kan auke deira eigen etos, fordi dei underforstått seier at ein ikkje burde stole på *influencere*. Om venleiksindustrien seier dei at «Vi må ikke la oss lure.» Ein tredje måte å auke sin etos på, er ved å nytte saklege argument.

For å forstå korleis forfattarane nyttar logos i teksta, er det nyttig å vite at dei vil at lesaren skal bry seg om feminisme, eller verte ein feminist. Argumentet kan delast i to. Fyrst får vi vite at unge jenter slit meir i dag enn før. Det er underforstått at samheldet burde gjere noko med dette. Deretter vert det gitt ei forklaring for kvifor det er slik: det er fordi det er krefter og strukturer, slik som sosiale media og venleiksindustrien, som får unge jenter til å føle eit indre og eit ytre press. Om ein skal formulere dette eksplisitt vert argumentet som fylgjer: Unge jenter slit psykisk fordi samheldet påfører dei press. Ein burde verte feminist for å arbeide mot dette presset.

*Jenteloven* nyttar patos ved å minne lesaren om kva slags kjensler verda påfører ein. Dei trekker fram at «Sosiale medier skaper et jag etter det perfekte livet», og «at gutter lærer at jenter bare er til pynt». Dette er hyperbolar som sett ting på spissen. Slik blir ein minna om dei mindreverdskompleksa ein kan kjenne til tider. Forfattarane meiner det er feil at ein skal føle på mindreverdskompleks, og tilbyr så eit alternativ. Det er å verte feminist.

Dei nyttar eit inkluderande språk for å få lesaren til å føle tilhøyrslø. Korte setningar, gjev eit munnleg preg. Dei skriv på eit punkt «OSS» med store bokstavar. Det er som om forfattarane

snakkar til lesaren, og inviterer til å verte med i gjengen. Her nyttar dei trongen folk har til å føle tilhøyrse. Feminismen verker som eit godt alternativ, der ein kan kjenne seg trygg, og som ein del av ei eining.

Når det kjem til innhaldet kan ein peike på fleire likskapar mellom *Amtmannens døtre* og *Jenteloven*. Begge handlar om kvinnesak, og begge har som føremål om å kritisere og å endre samfunnsproblem.

Ut frå eit kulturhistorisk perspektiv, er det interessant å sjå på korleis nokon ting har endra seg mykje, medan andre ting er påfallande likt. Frøysaa og Falch skriv ikkje om at samfunnet gjer om jenter til passive vesen, slik som Collett gjer. Jenter vert oppmoda til å sjølv lese seg opp på feminisme og ta tak i problema sine, fordi forfatarane forventar at det er mogleg å verte høyrte. Då Collett skreiv *Amtmannens døtre* var røynda ei anna. Romanen hennar syner eit problem, men seier ikkje så mykje om korleis ein skal løyse dette.

Eit problem som begge tekster peiker på, er kva rolle utsjånaden har. I *Jenteloven* skriv forfatarane både om at kvinner vert dømt på bakgrunn av utsjånaden, det ytre presset, om den psykiske skaden dei påfører seg sjølv, det indre presset. I Colletts roman kan ein sjå det same. Der er utsjånaden ein faktor som kvinner vert dømt basert på. Det indre presset kjem fram gjennom hovudpersonens tankar om seg sjølv og andre. Samstundes kan ein seie at utsjånaden spelar ein meir konkret rolle i *Amtmannens døtre*, sidan det dreier seg om å verte bedt opp til dans.

Når det kjem til forma er det derimot meir som skil dei. Som nemnt tidlegare, høyrer dei til kvar sin sjanger. *Amtmannens døtre* gjev innsyn i hovudet til ein kvinne, den er bygd opp av tankane til hovudpersonen og fortel ei handling. *Jenteloven* er ein saktekst, som freistar å overtyde lesaren ved å argumentere.

Det er heilt klart ulike krav til språket i dei to tekstene. Årsakar til dette er både at språket har endra seg, at synet på kva som høver seg er endra, og at dei er skrivne til ulike publikum. Camilla Collett nyttar eit meir danna språk, kan ein seie. Språket i *Jenteloven* er tilpassa eit ungt publikum. Bruk av banneord og engelsk er døme på språkbruk som ikkje hadde passa seg i andre situasjonar, men her kan ein seie at dei har møtt kravet om aptum.

Ein kan samanfatte med å si at kvinnerolla i dag er ei anna enn på 1800-talet. Collet problematiserer at kvinna er ein passiv aktør, som må innfinne seg i normene som er rundt dei på 1800-talet. Frøysaa og Falch retter òg kritikk mot samfunnet, og kva slags forventningar som er i det. Ein skilnad er at Frøysaa og Falch talar meir direkte til kvinner, fordi kvinner i større grad er aktørar i dag. På eit punkt er dei påfallande like. I fylgje begge tekster er det eit problem at vi er for fikserte på utsjånaden. På snart 200 år, har det altså ikkje skjedd stort på dette punktet, om ein skal tru at tekstene stemmer. Ein kan berre vone at tekstene vil handle om noko anna i 2200.

**Kjelder:**

Collett, Camilla. *Amtmannens døtre*, 2011 (1854–55). Oslo: Gyldendal. Utdrag.

Falch, Ulrikke og Frøysaa, Sofie. *Jenteloven – feministisk førstehjelp*. Oslo: Gyldendal, 2018. Utdrag.